

Eksamen

15.11.2018

LGA2002 Forvaltning og drift / Forvaltning og drift

Programområde: Landbruk og gartneri

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori• vurdere ein situasjon, sette løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer, og gjere greie for konsekvensar av vala dine• Den endelege vurderinga av besvarelsen skal være ei heilskapleg vurdering av den samla prestasjonen din.

Case/situasjonsbeskriving:

Kari og familien driv eit gardsbruk med produksjon av slakteoksar med innkjøpt oksekalv, ein stad i Noreg. Garden ligg ved strandkanten innst i ein fjord. Det er 100 dekar fulldyrka sandjord på garden som blir brukt til grovfôrproduksjon. Oksane blir produserte i ein ombygd fjøs (tidlegare mjølkeproduksjon). Det er plansilo.

I tillegg til fjøsen er det eit lite reiskapshus og eit bustadhus i god stand.

Det er 2000 mål granskog av middels bonitet og 4000 dekar snaufjell og myr. Det er to små fiskevatn med ørret av god kvalitet på fjellet. Over halvparten av skogen er hogd dei siste 30 åra og det er planta med ny gran.

Kari og sambuaren Per har begge 100% arbeid utanom garden. Dei har to born på 8 og 14 år.

Dei ønskjer i framtida å kunne leve av garden og ikkje arbeide utanom bruket.

Det er svært vanskeleg å få tak i tilleggsjord, og dei ønskjer å starte ei tilleggsnæring som ikkje treng meir innmark.

Oppgåve 1

- a) Beskriv ein av naturtypene på denne garden.
- b) Vurder mogleghetene for ny næringsdrift i denne naturtypen.
- c) Drøft korleis næringsdrift i naturtypen kan påverke det biologiske mangfaldet.

Oppgåve 2

- a) Foreslå ei ny verksemd Kari og sambuaren kan starte med
- b) Drøft korleis dei kan førebu oppstart av denne næringsdrifta - slik at dei kan få eventuelle naudsynte løyver, finansiering til naudsynte investeringar og ha minst mogleg økonomisk risiko i samband med oppstarten.
- c) Beskriv ulike eigarformer som kan vere aktuelle for den nye verksemda du foreslår i a)

Oppgåve 3

Kva krav til kvalitet på produktet vil kundane i oppgåve 2a stille?

Oppgåve 4

Kari ønsker å betre økonomien i okseproduksjonen. Korleis kan ho bruke rekneskapen og andre analyser for å finne ut kva ho bør gjere?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, anvende kunnskap/teori• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør, og gjøre rede for konsekvenser av valgene dine• Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede prestasjonen din.

Case/situasjonsbeskrivelse:

Kari og familien driver et gårdsbruk med produksjon av slakteokser med innkjøpt oksekalv, et sted i Norge. Gården ligger ved strandkanten innerst i en fjord.

Det er 100 dekar fulldyrka sandjord på gården som brukes til grovfôrproduksjon.

Oksene produseres i et ombygd fjøs (tidligere melkeproduksjon). Det er plansilo.

I tillegg til fjøset er det et lite redskapshus og et bolighus i god stand.

Det er 2000 mål granskog av middels bonitet og 4000 dekar snaufjell og myr. Det er to små fiskevann med ørret av god kvalitet på fjellet. Over halvparten av skogen er hogd de siste 30 år og det er plantet med ny gran.

Kari og samboeren Per har begge 100% arbeid utenom gården. De har to barn på 8 og 14 år.

De ønsker i framtida å kunne leve av gården og ikke arbeide utenom bruket.

Det er svært vanskelig å få tak i tilleggsjord, og de ønsker å starte en tilleggsnæring som ikke trenger mer innmark.

Oppgave 1

a) Beskriv en av naturtypene på denne gården.

b) Vurder mulighetene for ny næringsdrift i denne naturtypen.

c) Drøft hvordan næringsdrift i naturtypen kan påvirke det biologiske mangfoldet.

Oppgave 2

a) Foreslå en ny virksomhet Kari og samboeren kan starte med

b) Drøft hvordan de kan forberede oppstart av denne næringsdriften - slik at de kan få eventuelle nødvendige tillatelser, finansiering til de nødvendige investeringer og ha minst mulig økonomisk risiko i forbindelse med oppstarten.

c) Beskriv ulike eierformer som kan være aktuelle for den nye virksomheten du foreslår i a)

Oppgave 3

Hvilke krav til kvalitet på produktet vil kundene i oppgave 2a stille?

Oppgave 4

Kari ønsker å forbedre økonomien i okseproduksjonen. Hvordan kan hun bruke regnskapet og andre analyser for å finne ut hva hun bør gjøre?



www.vigoiks.no/eksamen